



Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS  
Kvingebakkevegen 97  
5981 MASFJORDNES

Referanser:

Dykkar:

Vår: 21/407 - 21/4563

Saksbehandlar:

Thomas Skår

thomas.skar@masfjorden.kommune.no

Dato:

26.05.2021

## Melding om delegert vedtak - søknad om utsleppsløyve - gbnr 37/8

Vi syner til søknad motteke den 27.04.2021.

Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

### **Administrativt vedtak. Saknr: 060/2021**

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til forureiningsforskrifta § 12 og godkjenner søknad om utslepp frå slamavskiljar for sanitærbygg gbnr 37/8.

Søknad med vedlegg mottatt 27.04.2021 vert godkjent på følgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart mottatt 27.04.2021.
- Leidning i sjø skal liggje minst 10 meter under lavaste vasstand.
- Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

Grunngjeving: Søknaden er i tråd med forureiningsforskrifta § 12.

Heimel: Forureiningsforskrifta § 12.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

## Saksutgreiing:

### 1. Bakgrunn

Det er i søknad mottatt 27.04.2021 søkt om løyve til utslepp frå slamavskiljar for sanitærbygg gbnr 37/8.

### 2. Uttale

Søknaden er nabovarsla i samsvar med forureinsingsforskrifta § 12-4. Det føreligg ingen merknader til søknaden.

### 3. Fakta

Saka gjeld søknad om utslepp frå slamavskiljar for sanitærbygg gbnr 37/8.

Slamavskiljar vert 2 m3 og anlegget er dimensjonert i storleik i tal personekvivalentar (pe) 0,5.

Reinsegrad for utslepp til sjø er 20 % reduksjon av suspendert stoff. Utsleppstad i mindre følsomt område.

Haugland VVS AS er nøytral fagkyndig som har bistått med val av reinsemetode.

### 4. Konklusjon

Søknad om utsleppsløyve frå slamavskiljar gbnr 37/8 vert godkjent som omsøkt, jf. vedtak.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

Thomas Skår  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

### Mottakarar:

Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS      Kvingebakkevegen 5981  
97

MASFJORDNES